| Sum infrastruktur | 146 000 | 0 | 160 000 | 0 | 160 000 | 0 | 150 000 | 0 | 146 000 | 0 | 147 000 | 0 |
| Sum portefølje | 506 727 | 132 155 | 425 000 | 125 000 | 400 000 | 100 000 | 400 000 | 100 000 | 400 000 | 100 000 | 400 000 | 100 000 |
| Avvik budsjettamme | -21 727 | -32 155 | -0 | 0 | 0 | -0 | -0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Ramma for infrastruktur i porteføljen skal dekke alt leigeutstyr, reinvestering i fordelarar og nettverk, servere og lagringsløysningar, sikkerheitsløysningar og tele/signal/video.

Det er eit behov for å auke investeringane knytt til IKT-sikkerheit og lagring av bilete, noko som vil gje utfordringar for budsjettamma for investeringar i IKT Infrastruktur.

Investeringar i 2021 har per juli ei prognose på 513 mill., dette er 28 mill. over budsjett 2021, og vil gi auka driftskostnadar i 2022 for avskrivning og årlege lisenskostnadar.

Foreløpig prognose for investeringar i 2022 er på 533 mill, og sjølv om dette er usikre tal, så er det langt unna nivået i langtidsbudsjettet.

Innsparing

Arbeidet med å identifisere muligheiter for innsparing, effektivisering, automatisering og robotisering er igang, og alle avdelingar/seksjonar/program og prosjekt skal i budsjettarbeidet identifisere og prioritere mulige kostnadsreduksjonar.

Bemanning

Siste prognose for levering av timar i 2021 viser ein noko høgare aktivitet enn budsjettet. Dette inneber at venta aktivitetsnivå i 2022 vil ligge noko høgare enn i 2021, avhengig av kor mange nye prosjekt som kjem i 2022.

I budsjett for 2021 var det planlagt ei bemanning på 679 årsverk ved utgangen av året, per utgangen av august har vi 648, og vi har som mål å tilsette 30 nye i løpet av hausten – noko som gir ein prognose på 678 årsverk. Dette er som budsjettet, men det er noko endringar mellom avdelingane.

Vi ser fortsatt auka etterspørsel av ressursar til program og prosjekt, samtidig som nye løysingar i drift krev meir ressursar. I budsjett 2022 vil det mellom anna komme endringar i følgjande hovudpunkt:

- Leveranse til byggeprosjekt
- Innføring av skytenester og Microsoft 365
- Automatisere og robotisere for å kunne ta imot fleire oppgåver utan å auke tal på tilsette tilsvarande
- Drift og forvaltning av nye løysingar

Portefølje – driftskostnader

Totalramma for porteføljen i 2022 - 2026 vart lagt i Porteføljestyret 12. april, driftsdelen vart for 2022 satt til 125 mill. ei auke på 25 mill. frå budsjett 2021. Ny handsaming i Porteføljestyret 18. oktober.

Timepris

Timepris for Helse Vest IKT vil bli justert med ordinær løn- og prisvekst, auke frå 820 til 850 per time.

Pensjonskostnad

Siste NRS-estimat frå KLP viser ein pensjonskostnad på 75,9 mill for 2022 (66,8 mill for 2020), ei auke i forhold til budsjett 2021 på 9,1 mill. I tillegg er estimert premieinnbetaling for 2021 auka med 6,5 mill (57,0 mill i 2021, 63,4 mill i 2022), noko som gir auka behov for likviditetslån.

Flytting til nye lokale i Stavanger

I Stavanger er nye lokalar i Innovasjonsparken på Ullandhaug tatt i bruk. For å redusere kostnad til leige av lokalar vert det arbeid med framleige av lokalar i Gartnerveien, Stavanger i overgangsperioden.

Driftsmiljø for Dips

Dagens driftsmiljø for Dips var planlagt skifta ut i løpet av 2020, med ei budsjettert investeringsramme på 30 mill. Dette arbeidet har vorte forseinka, og ein har valgt ei anna løysing, ei skyløysing med Oracle Exadata. Val av framtidig løysing vil skje i Q4 2021, og vil påvirke budsjett 2022. Det er dialog med Sykehusinnkjøp for å evaluere tilbod, og ny løysing er planlagt innført i løpet av hausten 2021.

Informasjonssikkerhet

Helse Vest IKT har i 2021 auka ressursbruken innanfor informasjonssikkerheit, og det vart oppretta ein eigen seksjon for IKT-sikkerheit hausten 2019. Det er i tillegg investert i nye verktøy som skal bidra til betre sikkerheit, og ein legg opp til ytterlegare auke innanfor dette området i 2022.

Konklusjon

Helse Vest IKT er godt kjent med dei økonomiske utfordringane som helseføretaka står overfor med omsyn til reduserte økonomiske rammer og krav til økonomiske berekraft for å kunne handtere store investeringar innanfor sjukehusbygg i åra som kjem. Helse Vest IKT er opptatt av å *vidareføre kosteffektiviteten* innanfor IKT-området.

Prognose for bemanning per desember 2021 vert utgangspunkt for budsjett 2022, og det vert lagt vekt på å ta mest mogleg omsyn til ein forventa aktivitetsvekst innanfor ei stram økonomisk ramme for 2022.

Den største usikkerheten har vi innanfor (a) aktivitetsnivået i prosjektporteføljen, (b) byggeprosjekt, og (c) innføring Microsoft 365.

Plan for og arbeid med kostnadskutt, innsparing, automatisering og robotisering vert vidareført.

SAK 044-21

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 15.09.2021
SAKSHANDSAMAR: Fredrik Eldøy, Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Kartlegging av kundetilfredsheit Helse Vest IKT 2021**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 044/21 O

STYREMØTE: 23.09.2021

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret tek saka til orientering.*


Hvert annet år siden 2007 har Helse Vest IKT sendt ut en spørreundersøkelse til alle brukere. Her er svarene på årets unndersøkelse som pågikk i perioden 5.mai til 21.mai 2021.

Antall svar : **2880 har svart, 44 sider med kommentarer.** (2019 tall: 9025 svar, 79 sider med kommentar)

Vi sendte ikke ut purringer i år etter tilbakemeldinger på form på eposten. Det var også flere samtidige spørreundersøkelser som pågikk i samme tidsrom. Undersøkelsen var også noe lengre enn i 2019 med flere spørsmål. Summen av dette kan være årsaken til lavere svarprosent enn sist.

Hovedfunn med sammenligning tilbake til 2007:


Hvor fornøyd er du samlet sett med det totale tjenestetilbudet fra Helse Vest IKT:
92,5% svarer meget tilfreds / tilfreds. (i 2019 var tallet: 94% (34%+60%))



Her er det litt nedgang (1,5% poeng) men det er innenfor et usikkerhetsintervall på 1-2% poeng så resultatet kan leses som at vi har fått omtrent det samme svaret som i 2019.

Hvor fornøyd er du samlet sett med utviklingen av kvaliteten i tjenesten fra Helse Vest IKT de siste 2 år

87,3% svarer meget tilfreds / tilfreds. (i 2019 var tallet: 91% (29%+62%)




Her er nedgangen litt større (3,3% poeng) og vi kan anta at dette er en reell nedgang fra 2019 men den er liten.

Andelen som svarer Meget tilfreds er omtrent identisk. (28,8 i 2019 og 28,6 i 2021)

Den største endringen i årets undersøkelse finnes under spørsmålet:


I hvor stor del av arbeidstiden benytter du PC m/tilbehør og programvare?



Her er økningen på hele 10,5% poeng. **Fra 34% i 2019 til 44,5% i 2021.** Det meste kan nok forklares med pandemi-effekten der langt flere jobber hjemmefra og/eller må delta i videomøter med sine kollegaer og pasienter fremfor fysiske møter.

Hvor tilfreds er du med den hjelp du får ved telefonisk henvendelse til Kundesenteret og deres svartid?


Meget tilfreds har gått opp over 5% poeng siden 2019 Det er en signifikant forbedring og det er imponerende av Kundesenteret å ha en kontinuerlig økning av andelen som svarer Meget Tilfreds helt siden 2007.



Under vises resultatene for spørsmålet: Hvor tilfreds er du samlet sett med det totale tjenestetilbudet fra Helse Vest IKT? – I år vises kun tall for de 4 store foretakene. Det er ikke

funnet signifikante forskjeller mellom foretakene/kundene i årets undersøkelse: Den største er at det er flest i Helse Stavanger som svarer Meget Tilfreds, (37,4%).

Hvor tilfreds er du samlet sett med det totale tjenestetilbudet fra Helse Vest IKT?



Nye spørsmål i 2021:

På disse to spørsmålene får vi dårligst score:

| TilfredsBrukeropplevelsenAvTjenester : Hvor tilfreds er du med... | | | | | | |
|---|--------------------|--------------|---------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Spørsmål | Meget tilfreds (1) | Tilfreds (2) | Mindre tilfreds (3) | Ikke tilfreds (4) | Ikke relevant (5) | Total antall svar |
| ... påloggingstiden til PC og programmene du har behov for i situasjoner med spesielt høyt tidspress? | 17.15% | 38.29% | 27.9% | 12.22% | 4.44% | 2839 |
| | | | Sum: 35,12% | | | |
| ... PC m/tilbehør når det gjelder stabilitet? (Svarer raskt, henger ikke, krever ikke restart). | 13.85% | 44.48% | 31.22% | 9.92% | 0.53% | 2844 |
| | | | Sum: 41,14% | | | |

Her kommer utdrag fra kommentardelen:

Innholdsfortegnelse

| | |
|---|---|
| Overordnede observasjoner: | 5 |
| Plunder og heft | 5 |
| Saksbehandling | 6 |
| Service | 6 |
| Omfattende feil / Driftsmeldinger | 6 |
| DIPS | 6 |
| DIPS Arena..... | 7 |
| Sesjonsvandring | 7 |
| Kundeweb | 7 |
| Tjenestekatalog..... | 7 |
| Meona | 7 |
| MED-Tek..... | 8 |
| Forskning..... | 8 |
| Arkitektur | 8 |
| Teams | 9 |
| LIBRA | 9 |
| AMK..... | 9 |
| Planlagte tiltak etter KTU2021: | 9 |

Overordnede observasjoner:

Mange av tilbakemeldingene går på systemspesifikke “plunder og heft” ting. Kundene bør ha en tydeligere kanal hvor de kan ta opp dette. Det kan være at det ikke er tilstrekkelige med arenaer for brukere til å komme med tilbakemeldinger på løsninger og tjenester.

Flere gir tilbakemelding om at det er manglende opplæring i verktøy og bruk av programmer. Dette er foretakene selv ansvarlige for. Under presenteres noen tilbakemeldinger frå undersøkelsen og disse viderefremidles også til foretakene.

Plunder og heft

- Veldig bra og spesielt høyt nivå på nesten alt. Kompetanse på Endnote var dårlig, og mitt Endnote bibliotek ble ødelagt etter forsøk på hjelp. Ønsker bedre tilgang til opplæring i å maksere utbytte av vanlige digitale hjelpemidler som excell, powerpoint og adobe, og prosjektstyring/hjelpemidler

- Spørsmål to blir for omfattende. Det er en rekke program som oppfattes lite brukervennlige, mens hardware oppleves bra. Rasjoneringen av Teams og begrensningene på Adobe oppleves hemmende. Ad nest siste spørsmål: HV-IKT sine sider er til dels vanskelige å finne fram i, og det ligger oppskrifter som er utdaterte.
- mangler forståelse for hvor kritisk det er hvis feks printer ikke fungerer. Mangler forståelse for behov for raske svar. Assyst er tungvint. Ikke enkelt i fonne frem til SAP/Libra-hjelp. Fremtiden til IKT har forbedringspotensial. Finner ikke det man trenger.
- Synes oppdatering av UNILAB mellom kl1215 til 1245 er KJEMPE ugunstig tid!!!
- Jeg er misfornøyd med tilgjengelighet og brukevennlighet fordi det tar usannsynlig lang tid å logge seg på. DIPS henger hele tiden (svarer ikke). Dersom man faktisk er litt god på data og bruker tab-tast og hurtigtaster crasher programmet helt konsekvent. Brukersnittet er tilpasset dem som skriver med 1 finger på tastaturet. Utrolig frustrerende når man forsøker å være effektiv. Epostklienten må stadig nullstilles fordi den ikke finner mappesettet. Det tar utrolig lang tid å hente opp radiologiske bilder.
- Trenger at Helse Vest IKT kan drifta systemer som ikkje passar inn i dagens rammer

Saksbehandling

- Kan av og til få inntrykk av at det er viktigare å stoppe "klokka" enn å utforske og utbetre problem.

Service

- Kunne trenge mer tilgjengelig støtte for møteromsløsninger, opplæring i ulike problemløsninger, ulike alternativer. Åpningstid for henting/levering av utstyr hos IKT kun til kl 12 er svært upraktisk. Mest travelt på formiddagen, vanskelig å komme fra ofte.
- God service. Enkelte ganger vanskelig å finne frem selv til hvordan benytte PC tilbehør/programvare,- tar da kontakt med IKT; får god hjelp
- Kompetente folk som alltid finner en løsning. Kunne ikke ha unnnvært dere :-)
- Svært kompetent tjeneste. Service-innstilt. Vennlige - løsnings-orienterte.
- Flinke folk som kan bistå når vi står fast med det datatekniske. Alltid fått hjelp når jeg har henvendt meg.
- Rask og tilfredsstillende service på de fleste henvendelser innen de fleste områder jeg trenger bistand til
- "Gamle", trege PC'er. Om den byttes ut henter man selv ut, men ingen hjelp med oppkopling/ tilkopling til de eneheter man har behov for. vanskelig å få fysisk hjelp ved behov.

Omfattende feil / Driftsmeldinger

- Omfattende feil-info er alltid mangelfull på lik linje med annen feilinfo fra HVIKT
- Driftsmeldinger er ofte svært diffuse og lite "brukervennlige".

DIPS

- Brukervennlighet og funksjonabilitet av programvare er håpløs. Gjelder særlig DIPS. Må restartere mange ganger pr dag.
- Jeg skulle gjerne ønske at de som svarer på hjelpelinjen for DIPS har mer kunnskap slik at vi kan få hjelp så snart som mulig isteden for å vente på at noen 'høyere oppe' skal kontakte deg. Når vi ringer til DIPS hjelpen så er det som regel for at ting haster og at vi ikke klarer å finne ut av det selv. Ellers er jeg veldig fornøyd med hjelpen :)

○

DIPS Arena

- Kunne ønsket letter hjelp med DIPS arena en dl henvendelser får man ikke hjelp med så snart hjelp med i Arena som med andre problemer
- Jeg er stort sett veldig tilfreds med både maskin og programvare samt støtte/service, MEN overgang til DIPS ARENA har vært en stor nedtur. I forhold til mine konkrete arbeidsoppgaver (mottak og vurdering av henvisninger til vurdering) er ARENA mer tungvint (flere unødvendige operasjoner/klikk og fanebytter) og det oppleves mye ustabilitet i ytelse.

Sesjonsvandring

- Svært tidkrevende å logge på PC i akuttmottak med sesjonsvandring. I tillegg betydelig tregere enn ved vanlig innlogging i akuttmottak sannsynligvis grunnet svært mange brukere innlogget.

Kundeweb

- Synest det er vanskeleg å finne ut av kundeweb-sidene når eg har ulike behov for hjelp. Når det gjeld innkjøp og bestilling av utstyr er det ekstra vanskeleg å finne ut av kva varer som finns og korleis bestille dei i Merida. Håpar på ei betre løysing her

Tjenestekatalog

- Bra, men vanskelig å finne info om hvilke tjenester, f.eks. info om programvare som Endnote, Adobe-programmer etc.
- Litt vanskelig å få oversikt over hvilke programmer/løsninger som finnes, og hvem som er kontaktperson for de forskjellige systemene. Men får god hjelp fra Kundesenteret da, de siler effektivt videre.
- Tidvis forvirrende hva Helse Vest IKT kan/skal løse og hva som skal løses av ressurser i Helse Bergen.
- Kunne tenkt oss en enkel måte å bestille personell til spesifikke oppgave for en dag eller noen timer.
- Mangler plattform for å dele dokumenter (uten sensitivt innhold) eksternt mellom de ulike helseforetak
- Helse Vest IKT tilbyr det jeg har behov for.
- litt rotete å finne det man ser etter om man ikke vet hvor programmet ligger eller kan spørre noen. og lite info om hva IKT faktisk tilbyr.
- vanskelig eller umulig å ha en god oversikt av hva som faktisk finnes av programvarer

Meona

- synes det er tungvint å dokumentere i både dips og meona og at ikke alle avd. bruker meona. Bruker lang tid på dobbeltdokumentasjon. Opplever at det tar lang tid å logge seg på. Posten har for lite pc'er og arbeidstasjoner, slik at man bruker lang tid på å vente på ledig pc, deretter på å logge ut forrige bruker og logge inn på nytt.
- Programvare som DIPS og Meona bør snakke mer sammen for å slippe dobbeltføring av målinger, data om pasient ol.

MED-Tek

- Medisinsk Teknisk utstyr nettes i større og større grad opp via etter hvert omfattende serverløsninger. Det er særdeles ønskelig å etablere et tett samarbeid mellom medisinsk tekniske miljøer og HVIKT for å få på plass de mest robuste løsningene for å ivareta krav til oppetid, responstid, effektivitet, unngå duplisering av kompetanse osv. HVIKT må ikke bare ha en ambisjon om å være en totalleverandør av IKT de må også være og eie det til beste for drift og pasientbehandling

Forskning

- HVIKT bør bidra til å dekke regionsykehusets behov for IKT programvare mht stordata og analysekapasitet som tilfredsstiller krav til brukervennlighet, informasjonssikkerhet og personvern.
- Det er litt vanskelig å svare på dette. Får hjelp når jeg trenger det og da er det også greit å ikke få vite om så mye annet. Det blir jo nok informasjon å håndtere som statistiker for flere forskere. Så jeg synes dette fungerer svært bra.
- Støtte til utstyr og løsninger utenfor standard, men som vi må bruke i sykehuset.
- Mangler forståelse for at teknisk personell kan ha behov for annet enn hjelp til rene "office og pasient" relaterte IKT behov. Opplever begrenset forståelse for at ekstremt høy IKT kompetanse kan befinne seg utenfor HVIKT. Ofte i sammenheng med store krav til behov for støtte mot komplekse, ikke IKT, tekniske løsninger.
- Nesten total mangel på interesse for å lage løysingar for forskningsmiljø der Linux/Mac er dominerande teknologiar
- Det er ikke mulig å laste ned programmer som UiB tillater eller krever på en Helse Vest PC. Ikke optimal situasjon som vanskeliggjør arbeidet til forskere som er ansatt av HV men er tilknyttet UiB.
- Jeg mangler at dere tilbyr Mac-pc til hjemmekontor. Jeg lager forskning og analyserer hele dagen på en pc. Deres pc, er så utrolig lagsomme, og jeg mangler rett og slett at dere tilbyr Mac utstyr.
- Større behov for integrasjon av IKT-løsninger som forvalter lagring og analyser av større datamengder, f.eks. helgenomsekvensdata, i former som er påkrevet (linux-basert OS, mulighet for internettilgang, behandling av aidentifiserte data).
- tungvint å få integrert programvare som trengs for forskningen eller kliniske oppgaver der det er mindre pasientvolum

Arkitektur

- Saknr bedre integrering av kalender i DIPS, GAT og Outlook, svært tungvindt når du jobbar poliklinisk at innbooka tid i timebok DISP ikkje vert vist som optatt i Outlook. Medfører mykje dobbeltarbeid ved møteinnkalling mm.
- Ingen synkronisert pålogging, stjeler mye tid (IT løsninger for klinisk bruk). Kryptiske feilmeldinger (spesielt DIPS)
- Jeg vet ikke om det er Helse Vest IKT sitt ansvar, men det er helt utrolig at vi må bruke 3 forskjellige program for å få oversikt over en pasient, og at de tre programmene ikke snakker sammen. På SOP bruker vi stort sett fellespålogging på alle felles pcer, der hver enkelt må logge seg på disse tre programmene. Innimellom syns vi det er viktigere å redde liv enn å logge seg ut av et program vi er ferdige med, og at det da ligger og lusker som gjedden i sivet i bakgrunnen, og blokkerer for nestemann som trenger å logge seg på for å finne ut av noe i full fart, det er ikke så veldig brukervennlig.
- Vi bruker mange programmer som ikke snakker sammen. Det er slitsomt. Skulle vært mye mer integrering av verktøy og programvare.

- Vi ligger langt etter andre moderne organisasjoner i oppdatert og brukervennlige løsninger, sharepoint er katastrofe

Teams

- En skulle tidligere under pandemien opprettet gode digitale løsninger og ikke ventet med å innføre gode. Teams burde vært i alle avdelingene nå
- Zoom og teams bør komme på plass for ordinære webinarer og kurs som arrangeres av ulike sykehusavdelinger.
- Tilfredsstillt stort sett alle behov for å utføre mine arbeidsoppgaver i Helse Bergen, kan bli bedre i forhold til plattformer for digitale møter og kommunikasjon.
- bredden av tjenesten er meget gode. Men skulle kanskje vært flere plattformer til bruk i kommunikasjon feks teams ol

LIBRA

- I spørsmålet over er jeg usikker på hva jeg skal svare, vennlighet og hjelpsomhet er supert. Men har hatt utrolig mye problemer med bestillingssystemet LIBRA! Bruker i perioder ufattelig mye tid på å rette opp feil og mangler...

AMK

- sårbarhet ift hvem hos IKT som kan bistå vedrørende AMK sine systemer. Lang svar tid eller ikke svar. veldig varierende forståelse ift behov og kontakt med AMK.

Planlagte tiltak etter KTU2021:

Vi øker frekvensen på undersøkelsen og går over til årlige undersøkelser fra 2022. Hovedundersøkelsen vil også kortes ned. Vi planlegger også å kjøre mer spesifikke undersøkelser opp mot utvalgte systemløsninger/verdikjeder i tillegg. Vi har tenkt å bruke Gat istedenfor utsending av epost med lenke.

Vi øker innsatsen innen problemarbeid for å oppdage og løse spesifikke rotårsaker til det som brukerne omtaler som plunder og heft. Spesielt gjelder dette heng og restart-situasjoner i et utvalg av systemer.

Flere gir tilbakemelding om at det er manglende opplæring i verktøy og bruk av programmer. Foretakene er selv ansvarlig for at opplæring gjennomføres, Helse Vest IKT har innenfor EPJ området et ansvar for å levere noe opplæring. I tillegg til tilbakemeldinger om opplæring i kundetilfredshetundersøkelsen er dette også påpekt i MEONA brukerundersøkelse 2020, legeundersøkelse i HBE og RegUt (LIS1 Regionalt forum). Det etterspørres mer fleksible og effektive undervisningsformer. Fast tilbud om digitale læringsressurser (e-læring) er et svar på dette. Derfor har Regionalt EPJ fagsenter i Helse Vest IKT startet utvikling av digitale læringsressurser med bruk av kursbyggeren som er utviklet i Helse Vest. I første omgang er det laget grunnkurs for MEONA (alle brukergrupper) og talegjenkjenning, DIPS Arena e-læring er også under utvikling i samarbeid med ODA prosjektet.

Foreløpig evaluering av tilbudet tilsier at brukere i stor grad var fornøyde med å gjennomføre digitale kurs og at dette oppfattes mer effektivt og fleksibelt og med økt læringsutbytte sammenlignet med klasseromskurs. Evaluering pågår enda og er organisert slik at de som gjennomfører kurs svarer på en undersøkelse umiddelbart etter kursgjennomgang, så på nytt etter at de har brukt systemet i 3-4 uker. Slik kan det måles hvordan kurset oppleves å gjennomføres samt hvordan innholdet treffer med faktisk bruk av systemene.

Med slike læringsformer får også alle samme informasjon som er oppdatert og kvalitetssikret. Opplæring kan gjennomføres i eget tempo og en står fritt til å velge ut de tema en trenger å fokusere mest på. Mulighet for å kunne gå frem og tilbake i kurset, stoppe underveis og ferdigstille kurset på et senere tidspunkt er også en fordel. Dette er ressursbesparende for ledere, travle klinikere og Helse Vest IKT, der ressursene kan bruke mer tid på å produsere og videreutvikle kurstilbudet.

Selv med digitale og mer fleksible løsninger er det viktig at ansatte i virksomhetene får prioritere, samt satt av tid til å gjennomføre opplæring innenfor EPJ området. Derfor har Regionalt EPJ fagsenter også meldt sak til Strategisk Styringsorgan for forankring av utvikling og videre bruk av digital læring innenfor EPJ området.

Forskningsmiljøene melder tilbake om manglende utvalg av verktøy. Det er viktig at forskningsmiljøene melder om hva de har behov for. Den omfangsrike verktøypakken til Microsoft i det som omtales som M365 er på trappene og vil kanskje kunne møte noen av behovene.

Mange miljøer har behov for enorm regnekraft og/eller lagringsplass i perioder. Dette er noe vi allerede tilbyr gjennom skytjenester. Vi jobber med å gjøre dette tilbudet bedre kjent.

Flere gir tilbakemeldinger om ulemper knyttet til at man må registrere samme informasjon om en pasient i flere systemer, og at man må logge på flere systemer for å få alle nødvendige opplysninger om en pasient. Det jobbes kontinuerlig i forvaltning og i prosjektporteføljen med å konsolidere systemer og å etablere integrasjoner som skal understøtte mer helhetlige arbeidsprosesser. Dette vil gi mer helhetlige arbeidsflater og bedre brukeropplevelser. Det pågår også arbeid med masterdata og datagrunnlag for å tilstrebe gode løsninger knyttet til hvilke data som skal registreres og lagres hvor.

SAK 045-21

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 15.09.2021

SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Leif Nordland, Rolf Ruland, Lars Erik Baugstø-Hartvigsen, Marthe Ravnås

SAKA GJELD: **Status internkontroll, leiing og kvalitetsforbetring**

ARKIVSAK:

STYRESAK: Styresak 045/21 B

STYREMØTE: 23.09.2021

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret tek saka til etterretning.*

Oppsummering

Viser til møteplan for styret for 2021 kor temaet internkontroll er sett på dagsorden til møtet 23.09.2021. Omgrepet internkontroll vert, som tidlegare, nytta i relativt vid forstand.

I tillegg er arbeid med forskrift om leing og kvalitetsforbetring tatt inn i sak, da det heng tett saman med arbeidet på internkontroll.

Fakta

Det er i saka peika på rutineane for å sikre god internkontroll og status innanfor dei ulike hovudområda for internkontroll. Administrasjonen er av det syn at rutineane for internkontroll og status i Helse Vest IKT er tilfredsstillande for å sikra drift og omdømme av Helse Vest IKT. Administrasjonen vil arbeide vidare med følgjande tiltak:

| <i>Tiltak</i> | <i>Tid</i> |
|--|------------|
| Innkjøp – tilpassing og samarbeid med nasjonalt innkjøpselskap, Sykehusinnkjøp HF | 2021/22 |
| HMS – medarbeidarundersøking | Q1 2022 |
| HMS – følgje opp medarbeidarundersøking 2021, vurdere område for internrevisjon | Q3 2021 |
| Postjournal og arkiv – opplæring brukarar i «Elements» | 2021/2022 |
| IKT-sikkerheit/personvern – Etablering og revidering av databehandlaravtalar og taushetserklæring eksterne | 2021/2022 |
| IKT-sikkerheit/personvern – arbeide vidare med protokoll etter personvernforordninga | 2021/2022 |
| Miljøsertifisering – revisjon utført av Teknologisk institutt | Q1 2022 |
| Utarbeide årleg plan for internrevisjon 2022 | Q4 2021 |
| Leiingas gjennomgang område personvern | Q4 2021 |
| Leiingas gjennomgang område overvaking | Q4 2021 |
| Leiingas gjennomgang område ytre miljø | Q4 2021 |

Bakgrunn

Målet med styresaka er å beskrive status og om vi har god nok kontroll på rutinar og oppfølging av prosesser for å sikre internkontrollen i Helse Vest IKT i høve krava i Internkontrollforskrifta. Internkontrollrutineane skal bidra til å sikre drifta og omdømmet av Helse Vest IKT.

Definisjonar

- *Internkontrollforskrift* = *Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i verksemder*
- *Internkontroll* = *Gjennomføre risikoanalyse og oppfølging*
- *ROS* = *Risiko og Sårbarhetsanalyse*
- *KOFA* = *Klagenemda for offentlige anskaffelser*

Dokument/referansar

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten

Viktige element i Internkontrollforskriften

- 1) Daglig leiar er ansvarlig for internkontroll
- 2) Internkontroll skal integrerast i overordna styring og planlegging av verksemda
- 3) Arbeidstakar sin medverknad
- 4) Dokumentering av arbeidet (§5)
- 5) Tilsynsmyndigheter (§7)

Internkontrollforskrifta omhandlar området HMS og tilhøyrande aktiviteter, men metodikken kan, via gjennomføring av risikoanalyser, tiltak og oppfølging, også ivareta strategiske aktiviteter som sikrar drifta av verksemda. HMS er berre eit av dei områda Helse Vest IKT har valt ut som internkontrollaktiviteter.

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring skal bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og at krav i helse- og omsorgslovgivinga vert etterlevd.

Drøfting

Helse Vest IKT har definert følgjande 9 tema for internkontroll:

1. Økonomi og rekneskap

- Det blir laga månadleg rekneskap og økonomistatus, som og blir rapportert til styret.
- Revisjonsfirmaet BDO utarbeider årlig IT-revisjon (ROS) knytt til bruken av IKT for talgrunnlaget som inngår i rekneskap og økonomistyring. Dei skriv og ei oppsummering av årsrevisjonen til Helse Vest RHF.
- Innføring av ny økonomiløysing SAP S/4 HANA i 2020/2021, med oppstart av logistikkøysing 1. mars 2021.

Kommentar:

Revisor hadde ingen kommentarar eller innspel etter årsrevisjonen 2020.

Utfordringar:

Innføring av ny økonomiløysing har gitt nokre utfordringar, hovudsakleg innanfor lager/logistikk og varekatalogar. Midlertidig løysing for 2021 er under etablering.

Konklusjon: Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til rekneskap og økonomistyring.

2. Innkjøp

- Helse Vest IKT har ein fullmaktstruktur med beløpsgrenser som er innarbeid i system for bestilling og fakturabehandling.
- Regionale prosesser er definert gjennom Libra-prosjektet og dokumentert i QLM.
- Nasjonale rammeavtaler og minikonkurransar via Sykehusinnkjøp HF vert nytta der det føreligg, vidare vert det gjort egne separate innkjøpsavtaler, til dømes overfor Microsoft og DIPS.
- Elements vert nytta for å arkivere dokumentasjon, medan Contiki vert nytta for lagring av sjølve avtaledokumenta.
- Databehandlaravtalar vert lagra i Elements.
- SAP S/4 HANA vert nytta for innkjøp.
- ROS på sjølve innkjøpsprosessane blir gjort i større prosjekt.
- Helse Vest IKT har i tråd med regional prosess vedteke innkjøpspolicy og sikra oppdatert fullmaktstruktur.

Kommentar:

Innkjøp er eit fokusområde i regionalt prosjekt «LIBRA», kor SAP S4/HAN nyttast til økonomi, innkjøp og logistikksystem.

Utfordringar:

Prosess for anbod og tilbodsevaluering er manuell, og det vert sakna god systemstøtte.

Konklusjon:

Helse Vest IKT har tatt i bruk nye prosessar og løysing for innkjøp, og vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til innkjøp.

3. Personalområdet

- Det er etablert personalhandbok som beskriver samhandling med alle våre tilsette.
- Det er i Helse Vest regi innført felles rutine og programstøtte for å sikre god kvalitet i rekrutteringsarbeidet. Administrerande direktør godkjenner alle tilsettingar.
- Personalmapper ligger i Elements.
- Det er innført e-signering av arbeidsavtalar.
- Det er gjennomført medarbeiderundersøking «ForBetring» vinter 2021 (regional regi)
- Oppfølging av medarbeiderundersøking på seksjons-/avdelings- og selskapsnivå i tråd med regionale retningslinjer.
- Vi har etablert rutinar for melding om fråvær og handsaming av sjukefråvær/IA-oppfølging, og nyttar IA-modul i Gat. Helse Vest IKT mottar størst delen av sjukemeldingar digitalt. Helse Vest IKT nyttar digital oppfølgingsplan når det er mulig, dette gir ein enklare deling av plan mellom medarbeidar, leiar, NAV og sjukemeldar.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til personalområdet.

4. HMS

- HMS-handbok med rutinar knytt til HMS-arbeidet.
- Det er etablert ordning for verneombod. Hovudverneombod er medlem av AMU som gjennomfører 6 møter årlig. I HMS-handboka er det oversikt over selskapet sin organisasjon, med oversikt over ansvar, oppgåver og myndighet for HMS-arbeidet.
- Det blir gjort årlig HMS risikoanalyse/ HMS-kartleggingar.
- Det er etablert rutinar for vernerundar kvar veke på alle geografiske stader av ein viss storleik. Stort sett lokalt verneombod som er utførande. Oppfølging/hyppighet på rundane kan variere noko frå stad til stad, alt ut frå opplevd behov på den enkelte stad.
- Synergi er implementert som rapporteringssystem for ikkje ønska hendingar og oppfølging.
- Alle leiarar har fått opplæring i Synergi, opne saker vert gjennomgått i avdelingsleiarmøter.
- HMS saker «sidan sist møte» er fast sak i AMU-møta.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til HMS i høve til internkontrollforskrifta.

5. Postjournal og arkiv

- For postjournal og arkivering av inn- og utpost vert det regionale systemet Elements nytta, dette sikrar lagring og sikkerhet.
- Arkivering av intern saksbehandling blir delvis lagt på F-disken og på avdelingsvise «Share point»-sider, informasjonen blir sikra gjennom datalagringsrutinar og sikkerheitsrutinar, men krev meir arbeid å søkja opp informasjonen. Disse oppgåvene blir likevel ivaretatt og sikrar drifta av verksemda. Ein aukande del av intern saksbehandling vert lagra i Elements.
- Arkivverket har i 2019 gjennomført eit tilsyn ved Helse Vest RHF, der Helse Vest IKT er ein sentral aktør når ein kjem til kartlegging av arkivverdig dokumentasjon i aktive og avslutta løysingar/fagsystem. Arbeid med oppdatering av arkivplan i samarbeid med Helse Vest RHF er ferdigstilt.
- Løysing for direkte arkivering av e-post er på plass.
- Løysing for elektronisk signering av avtaler er på plass.
- Opplæring av leiargruppa og sentrale brukarar er gjennomført i 2021, opplæring av øvrige brukarar pågår.

Utfordringar:

Arkivverdig dokumentasjon som i dag vert lagra på F-disken eller Sharepoint, blir ikkje arkivert i Elements. Arkivverdig e-post blir ikkje alltid arkivert i Elements, men ligg hjå den enkelte saksbehandlar.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar for å ivareta postjournal og arkiv.

Helse Vest IKT følgjer etablert strategi som resten av helseføretaka i regionen og vil arbeide aktivt for å utvide bruken av Elements basert på gjeldande regional strategi.

Helse Vest IKT skal bidra til å følge opp funn frå Arkivverket sitt tilsyn i samarbeid med Helse Vest RHF.

6. **IKT-sikkerheit i Helse Vest IKT.**

- Det er etablert ein regional IKT-sikkerheitsinstruks.
- Regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit hadde siste hovudrevisjon i 2018/2019. Dokumenta i styringssystemet vert oppdatert av regionalt IKT-sikkerheitsutval ved behov. Helse Vest IKT sin versjon av styringssystemet ligg i eHandbok. Helse Vest IKT bidreg inn i arbeidet med kontinuerleg forbetring av styringssystemet.
- Helse Vest IKT har ein godt etablert ITIL-prosess for informasjonssikkerheit.
- Det er etablert regional metodikk for ROS – denne vert nytta i alle føretak, også Helse Vest IKT. Helse Vest IKT utfører ROS-analyser på bestilling frå dei andre verksemdene i Helse Vest og frå prosjekt og program. Talet på ROS-analyser auka kraftig i 2020. Til no i 2021 ser ROS-arbeidet ut til å halde fram på høgt nivå.
- Det blir og arbeidd med risikostyring for IKT-infrastruktur og for applikasjonar/system internt i Helse Vest IKT, som ein del av endrings-prosessen. Kvartalsrapporter for ROS infrastruktur vert frå Q2 2021 også sendt til dei dataansvarlege verksemdene, og lagt fram i regionalt IKT-sikkerheitsutval. Dette vil også inngå i rapporten styret til Helse Vest IKT AS får på sikkerheit i kvart styremøte.
- ROS-analyser innan informasjonssikkerheitsområdet vert dokumentert på SharePoint med verktøystøtte for aktiv risikostyring for prosjekt og linje. Det vert peikt ut ansvarlege for risikoar. Dei ansvarlege kan dokumentere kva tiltak som er sett i verk for å sikre eit akseptabelt risikobilette og god informasjonssikkerheit. «Prosedyre for gjennomføring av risikovurdering av informasjonssikkerhet og personvern» fekk ein viktig revisjon i år for å reflektere kva som er praksis rundt ROS-analyser og risikostyring. Ansvarlet vart også plassert hos systemeigar/styringsgruppe for å sørge for at nødvendige risikovurderingar vert utført og at resultatane vert følgt opp. Det vart også lagt inn krav om nivå på dokumentasjon av løysinga før ROS-analyse vert gjort.
- Seksjon for IKT-sikkerheit ligg i avdeling Tenesteproduksjon. IKT-sikkerheitsleiar rapporterer både til avdelingsleiar Tenesteproduksjon og direkte til administrerande direktør i vesentlege saker innanfor IKT-sikkerheit. Seksjonen har i september 2021 11 årsverk, mellom anna risiko- og kvalitetsleiar, tre konsulentar med hovudfokus på ROS-analyser, ein sikkerheitsarkitekt og fem konsulentar innan teknisk informasjonssikkerheit. Det vert arbeidd vidare med rett kapasitet i seksjonen opp mot oppgåvene som skal løysast. Det vert endringar i seksjonen frå hausten 2021, med ei deling av leiaroppgåvene i to roller, med ein tydelegare splitt mellom operativt og strategisk ansvar, og eit betre skilje mellom utførande og styrande/kontrollerande roller. Det vert arbeidd med rolle- og ansvarsfordeling i tida framover og stillingane vert lyst ut i september.
- Det vert gjennomført månadlege sikkerheitsmøter med avdelingsleiarane for Tenesteproduksjon, Tenesteutvikling, IKT-Fagsenter og Verksemdsutvikling der felles saker vert tatt opp, omtala som «Leder møte sikkerhet». Fleire seksjonar og grupperingar har begynt med «sikkerheitsdager» eller sikkerheitsfora der IKT-sikkerhet bidreg. Seksjonen har også presentasjonar av generell og tilpassa art i seksjonar og faggrupper.

- Det vert gjennomført sikkerheitsmøter med avdelingsleiarane for Tenesteproduksjon, Tenesteutvikling, IKT-Fagsenter og Verksemdsutvikling der felles saker vert tatt opp, omtala som «Ledermøte sikkerhet». Fleire seksjonar og grupperingar har begynt med «sikkerheitsdager» eller sikkerheitsfora der IKT-sikkerhet bidreg. Seksjonen har også presentasjonar av generell og tilpassa art i seksjonar og faggrupper.
- Det er etablert rutinar for å rapportere mogelege sikkerheitsbrot og avvik internt i Helse Vest IKT i sakshandsamingssystemet Assyst. Desse avvika vert rapportert kvar månad til leiinga i Helse Vest IKT og gjennom SLA-rapporten ut til kundane. IKT-sikkerheitsleiarar i føretaka får og rapporten og denne vert gjennomgått i regionalt IKT-sikkerhetsutval samt i «Ledermøte sikkerhet» i Helse Vest IKT kvar månad.
- Faktiske sikkerheitsbrot vert rapportert til helseføretaka for oppfølging gjennom Synergi eller verksemda sitt valde avvikssystem. Også sikkerheitsbrot i Helse Vest IKT vert loggført på same måten. Føretaka vurderer sjølvstendig vidare rapportering, til dømes til Datatilsynet og andre myndigheter.
- Helse Vest IKT får og rapportert sikkerheitsbrot som føretaka har oppdaga i Synergi.
- Helse Vest IKT skannar aktivt alle serverar for sårbarheiter og svakheiter kvar veke gjennom heile året. Vi ser færre kritiske sårbarheiter, men registrerer at det likevel kan ta noko tid å få lukka sårbarheiter som ikkje er kritiske. Det er også viktig at forvaltninga tar tak i slike sårbarheiter når dei vert rapportert. Sist år har slike skanejobbar blitt sett i gang i fleire soner og på fleire serverar, for å få betre kontroll med infrastrukturen.
- Helse Vest IKT har gjennomført ei omfattande gap-analyse mot NSM sine grunnprinsipp, inkludert evaluering mot NSM sine 118 føreslåtte tiltak. Det vert no laga ein plan for å lukke gap eller akseptere restrisiko.
- Leiinga har til no minst ein gong i året rapportert status på risiko og sårbarhet for IKT-infrastruktur til styret og til kundar. Frå Q2 2021 vert dette utvida til å også gå til regionalt utval for IKT-sikkerhet (SU), eige styre og dei dataansvarlige verksemdene.
- Omfattande episodar der beredskap er utløyst vert rapportert til styret i første styremøte etter hendinga.
- Helse Vest IKT er underlagt revisjon frå Riksrevisjonen, og det vert jobba strukturert med dei funna som vart rapportert januar 2020. Det har vært gjeve statusrapportering på funn frå Riksrevisjonen i alle dei ordinære styremøta i 2020 og 2021. No har vi innarbeidd restrisiko på funna til Riksrevisjonen i ROS-infrastruktur. Og med dette vert siste særskilde rapportering på Riksrevisjonen gjeve i styremøtet 23. september.
- HelseCERT gjennomførte inntrengingstest i veke 44 2020 med vesentlig færre funn enn tidlegare år. Dei funna som likevel var har det vore jobba med i perioden. HelseCERT gjer årets innsidetest i veke 38.
- Vi har i ei årrekke hatt rammeavtale på penetrasjonstestar med eit eksternt firma. Denne vart lyst ut på nytt i år, då vi meiner slik spesialistkapasitet er naudsynt å lett kunne nytte seg av. Det er gjennomført fleire slike testar på system og infrastruktur i perioden. Alle funn i slike testar vert fylgt opp.
- I tillegg til HelseCERT og eksterne penetrasjonstestar så har det tekniske teamet i IKT-sikkerheitsseksjonen fleire verktøy dei nyttar for å gjere testar og analyser av informasjonssikkerheita i løysingar og produkt.
- Riksrevisjonen har gjennomført revisjon og inntrengingstest i Helse Vest i januar 2020. Revisjonen er god og viktig, og funn frå denne har det vært arbeidd med gjennom heile 2020 og 2021.

- Helseføretaka og Helse Vest IKT skal og må ha god kontroll med kven som har tilgang til systema våre. For å sørge for dette har Helse Vest IKT gode system for leverandørtilgang/VPN.

Utfordringar:

Helse Vest IKT ynskjer å få på plass kapasitet og ressursar til strukturert internkontroll innan informasjonssikkerheits- og personvernområda. Dette har vi ikkje fått jobba godt nok med, og det treng meir fokus. Vi har gode rutinar, men vi har ikkje god nok kontroll på i kva grad rutinane vert etterlevd. I korona-perioden har mykje av denne innsatsen og personellet måtte prioriterast på risikovurderingar som har vært naudsynte for å sikre nye løysingar.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til IKT-sikkerheit.

7. Personvern

Personvernforordninga trådte i kraft i juli 2018. Helse Vest IKT tilsette i januar 2019 eit personvernombod som har styrka vårt arbeid på dette viktige feltet.

Arbeidet med personvern blei ytterlegare styrka gjennom 2020, ved leige av 2 eksterne som deltok i arbeidet med nye og revidering av eksisterande datahandsamingsavtalar fram til desember 2020.

Helse Vest IKT tilsette i januar 2021 ei av dei 2 eksterne i fast stilling som konsulent og prosjektleiar for personvern.

Arbeidet med datahandsamingsavtalar tek mykje tid, men samarbeidet med helseføretaka rundt forenkling av prosessen og Helse Vest IKTs kontinuerlege arbeid med å forenkla prosessen med utfylling av datahandsamingsavtalar internt, har gitt resultatlar.

I tillegg har det vore fokus på å legge grunnlaget for utarbeiding av protokoll, i tråd med krav i GDPR-protokoll.

Dette arbeidet var satt i gang som eit samarbeidsprosjekt med HF'a, utan at det har rykt fram. Helse Vest IKT er no i gang med vidare arbeid og har førebels vurdert at det er mest hensiktsmessig å gjere dei innleiande beslutningane på sjølvstendig grunnlag, da Helse Vest IKT har noko andre formelle krav som datahandsamar, enn HF'a som databehandlingsansvarleg og prosjektet «Personvernprotokoll i Helse Vest IKT» er oppretta.

Personvernombudet har også vore involvert i personvernrettslige problemstillingar knytt til utrulling av skytenester, ROS-analyser, DPIA'ar, fullmaktsvurderingar, samt arbeidet med felles pasientjournal og forprosjektet til intern digital samhandling

I fjorårets revisjon av SLA blei det sett på vedlegg 6, «databehandlaravtalen mellom helseforetakene og Helse Vest IKT».

Avtalen var noko utdatert, og kunne gje misforståingar. Teksten i avtalen er forbetra og gjer meir forutsigbarhet og betre ansvarsfordeling.

Alle rutinar for etablering og revidering av datahandsamingsavtalar er tilgjengelig i Sharepoint.

Rutinane er noko utdatert og treng ein revisjon.

Alle datahandsamingsavtalar vert handsama og arkivert i Elements.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillende internkontrollrutinar knytt til personvern.

8. Miljøsertifisering.

- Helse Vest IKT var med i det nasjonale prosjektet «Grønt sjukehus – Innføring av miljøledelse i spesialisthelsetjenesten» med mål om å definere miljøpolitikk, overordna miljømål og handlingsplaner, og vart sertifisert etter ISO 14001 i april 2015.
- Revisjon vinter 2020/2021 viste stor bevissthet og oppfølging rundt miljømål.
- Miljøsertifisering godkjent etter ny standard ISO 14001:2015 i januar 2021.
- Interne revisjonar har vore vanskeleg å gjennomføre grunna Covid-19.

Konklusjon:

Helse Vest IKT arbeider med miljøsertifisering med mål om oppretthalde sertifisering i 2021.


9. Etske retningslinjer

- Helse Vest IKT følger etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest.
- Retningslinjer vart gjennomgått i utvida leiarsamling hausten 2017.
- Retningslinjer var nyheitssak på Innsida sommaren 2017.
- Brot på sikkerheitsinstruks rapporterast gjennom Synergi.
- Etske innkjøp følges opp gjennom Sykehusinnkjøp HF.


Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillende internkontrollrutinar knytt til etiske retningslinjer.

I tillegg vart det i 2020 gjennomført ein gjennomgang i leiinga på etterleving av forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring innanfor områda IKT-sikkerheit, Produksjon av IKT-tenester (ITIL) og Personalområde.



I dette ligg ein gjennomgang av styringssystemet, med systematisk styring av verksemda si aktivitet, og ein har nytta regionalt malverk. I gjennomgangen vart modning i prosessane vurdert, og tiltak for forbedring lagt fram. Vurdering av modenhet:



Konklusjon

Til definerte tema for internkontroll vurderer administrasjonen å ha tilfredsstillande rutinar i høve metodikken i internkontrollforskrifta for å sikre drift og omdømme for Helse Vest IKT.

Til definerte tema for leiing og kvalitetsforbetring er det valt ut tre område for gjennomgang i Q4 2021; personvern, overvaking og ytre miljø.

SAK 046-21

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 15.09.2021
SAKSHANDSAMAR: Leif Nordland
SAKA GJELD: **Utkast til møteplan for styret i Helse Vest IKT for 2022**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 046/21 B

STYREMØTE: 23.09.2021

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret vedtek møteplan for 2022.*

Oppsummering

Administrasjonen har i denne saka lagt fram forslag til møteplan for styret for 2022, korrigert for innspel etter styremøte 10.06.2021. Administrasjonen legg opp til same tal styremøter som for inneverande år, og til ei vidareføring av balansen mellom fysiske møter og videomøter.

Fakta

Administrasjonen foreslår fylgjande møtedatoar for 6 styremøter og 1 styreseminar i møteplan for 2022;

Onsdag **16. mars** 2022, styremøte, kl. 09.30 – 14.00, Stavanger

Torsdag **28. april** 2022, styremøte, kl. 08.30 – 11.30, videokonferanse

Torsdag **9. juni** 2022, styreseminar kl. 12.00 – 17.00, middag kl. 19.00, Bergen

Fredag **10. juni** 2022, styremøte 08.30 – 13.00, styremøte, Bergen.

Onsdag **28. september** 2022, styremøte, kl. 08.30 – 11.30, videokonferanse

Torsdag **10. november** 2022, styremøte, kl. 08.30 – 11.30, videokonferanse

Torsdag **8. desember** 2022, middag kl 20.00, Bergen

Fredag **9. desember** 2022, styremøte kl 08.30-14.00, Bergen.